

Klatremagasinet til sal

23.06.2010

Ulvanåso som klatre-arena har fått eineståande reklame over 7 sider i Skandinavias største klatremagasin Klatring og no er magasinet lagt ut for sal i Folgefonna Nasjonalparksenter i Rosendal og på SPAR i Uskedalen.

Det er eit avgrensa opplag og det gjeld å vera tidleg ute.

Eit eventuelt overskot går til vidare drift og profilering av 'Uskedalen - porten til Hardanger'.

Overskrifta i magasinet er 'Liten perle - stor klatring' og artikkelforfattaren meiner vi er ei bortgjømt perle på Vestlandet.

Men staden byr på storveggsklatring og har du vore her ein gong kjem du garantert attende, står det å lesa.

Artikkelen har også ein svært positiv omtale av uskedelingane, som klatrarane har opplevd som ualminneleg hyggjelege..Dei er gjestfrie og imøtekommende overfor klatrarane som kjem hit og artikkelforfattaren håpar at det held fram slik.